

Generalforsamling 2015 – Kveik AS

Måndag 11. mai klokka 09.00 i Kveik AS sine lokale , Brynalii 119, Voss.

Desse møtte :

Frå styret: Styreleiar Stein Kvarekvål
Frå aksjonærane: Voss kommune v/ Ordførar Hans Erik Ringkjøb
Hordaland fylkeskommune v/ Astrid Farestveit Selsvold
Voss Lag av Norges Handikapforbund v/ Magnhild Aase Sandvik

I tillegg møtte dagleg leiar Kveik AS Oddvar Nestås.

Sak 1. Godkjenning

Tilsaman var 2619 (94,0%) av totalt 2785 aksjar representert og generalforsamlinga var dermed vedtaksfør.)

Innkalling og dagsorden vart godkjend utan merknader.

Sak 2. Val av møteleiar, skrivar og to personar til å underskrive protokoll

Stein Kvarekvål vart vald til møteleiar, Oddvar Nestås vart vald til skrivar, Stein Kvarekvål og Hans Erik Ringkjøb vart valde til å underskriva protokoll.

Sak 3. Årsmelding

Møteleiar gjekk gjennom årsmeldinga og orienterte kort om aktivitet og drift, samt styret sitt arbeid gjennom året 2014.

Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.

Sak 4. Fastsetjing av årsresultat , balanse og gjennomgang av revisjonsmelding.

Årsrekneskap og revisjonsmelding vart lagt fram av møteleiar.

Resultatrekneskap, balanse og revisjonsmelding vart godkjend utan merknader.

Sak 5. Fastsetjing av godtgjersle til styret og revisor.

Framlegg om at godtgjersle til revisor vert etter rekning.

Godtgjersle til styret slik: Styreleiar kr 71.000,- og Styremedlem kr. 24.000,-

Framlegget vart godkjent utan merknader

Sak 6 Val

På val stod styremedlemmane Hilde Magnusson og Stein kvarekvål. Valnemnda gjorde framlegg om attval på begge.

Hilde Magnusson og Stein Kvarekvål var vald for to nye år. Stein Kvarekvål vart vald som styreleiar for 2 år.

Det var ingen andre saker til handsaming. Møtet heva klokka 10.30.

Voss 11. mai 2015



Hans Erik Ringkjøb



Stein Kvarekvål

Kveik AS

Postboks 18, 5701 Voss

Besøksadresser:

Brynalii 119 og

Vossabygg (Vadet)

tlf/epost: 56 52 08 60 firmapost@kveikarbeidsliv.no

org nr: 925 876 453 MVA

bankgiro: 3480.05.01107

heimeside: www.kveikarbeidsliv.no